



Arkoconsult AS

Dato: 09.12.2014  
Vår ref.: 2014/24076-3  
Saksbehandlar: annvabo  
Dykkar ref.:

## **Fråsegn til oppstart av reguleringsplan for Alverneset - Lindås kommune**

Vi viser til brev datert 2. desember 2014 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Alverneset. Hovudføremålet med reguleringa er bustad. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommunedelplan der området er sett av til byggjeområde for bustad.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsvarslinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

### **Vurdering og innspel**

I det vidare arbeidet vil vi leggje særleg vekt på:

- Areal- og transport
- Arkitektur og estetikk
- Barn og unges interesser
- Friluftsliv
- Folkehelse
- Landskap
- Kulturminne
- Samferdsel
- Senterstruktur
- Strandsone
- Universell utforming

### Meir om kulturminne

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Vi vil minne om pkt. 2 i dei regionale retningslinene i Fylkesdelplan for kulturminne der dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Vi ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

Vi har per i dag ikkje opplysningar i våre arkiv om automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi i planområdet. Aust for planområdet er det kjent ein automatisk freda marin lokalitet med Askeladden-id 119470. Vi kan ikkje sjå at planen råkar dette kulturminnet. Vi har såleis ikkje vesentlege merknader til planarbeidet på dette stadiet når det gjeld omsyn til kulturminne.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre [www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke).

**Oppsummering**

Hordland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på Areal- og transport, Arkitektur og estetikk, Barn og unges interesser, Friluftsliv, Folkehelse, Landskap, Kulturminne, Samferdsel, Senterstruktur, Strandsone og Universell utforming.

Marit Rødseth  
plansjef

Anne-Kathrine Vabø  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Sakshandsamarar:

Anne-Kathrine Vabø, Regionalavdelinga, Planseksjonen

Heidi Handeland, Kultur- og idrettsavdelinga, Seksjon for kulturminnevern og museum

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Lindås kommune

Statens vegvesen - Region Vest